

## Oppgradering av høg- og lågspentline på Skorpo.

18.04.2018



Det var ein hektisk og effektiv helikoptertransport mellom Børneset og Skorpo onsdag i denne veka..

**Det pågår eit større arbeid med oppgradering av straumforsyninga på Skorpo. Onsdag var det stor helikoptertrafikk frå Børneset industriområde til Skorpo. Stolpar og materiell kom kjapt på plass. Tilsaman vert det bygd 450 meter med ny høgspentline, 800 meter med ny lågspentline. Det vert samanhengande arbeid fram til sein sommar/tidleg haust.**



Kabelstrekk og montering av nye master er eit arbeid som vil pågå fram til sein sommar/tidleg haust.

Marta Bakke fortel til Uskedalen.no at straumen kom til Skorpo kring 1957. Før den tid var det bruk av Petromax og fjøslykter. Straumforsyninga til Skorpo går i sjøkabel frå Ljosnes til ein punkt mellom Barmen og Eidsvikjo. Vidare går det i lufteline fram til det Kvinnherad Energi kallar for Skorpo Sør. Telefonlina går i sjøkabel frå Flatholm til Nautaneset.

Hermann Skromme i Kvinnherad energi og prosjektleiar for arbeidet fortel at det også vert montert ny trafo som skal forsyne kundane sør for Eide. Det vert også sett opp hy kiosk som skal forsyne fikseanlegget på Skorpo med landstraum. Til no har Lerøy Sjørøll gått på dieselaggregat.

Det vert sett opp mange nye master både for høgspennten og for lågspennten. Blank ledning vert skifta ut med EX som er isolert ledning.

Arbeidet vert gjort som ei oppgradering av gammalt anlegg, men også fordi det er auka forbruk på nettet med mellom anna mange hytteeigarar som kundar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enes/ Anja Strøter



Det var mange hiv som gikk med helikopter fra Børneset til Skorpo onsdag.